



Dette er den nye og lovande rockegruppa. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Ein del av kulturskuleelevane på gitar, frå midtre og indre delen av kommunen, inviterte måndag kveld til konsert i amfiet på Malmanger skule. Muskarane, tre av dei frå Uskedalen, gav dei frammøtte ei fin musikkstund, og nok ein gong vart vi imponerte over nivået på det kulturskuleelevane presterer.**

Nokre elevar opptredde solo medan andre spela i grupper. Felles for alle var det at dei kom svært godt frå det.



Bassist Birger Bauge imponerte (Foto: Thor Inge Døssland)

Høgdepunktet, i alle fall for uskedelingane mellom publikum, var nok ei fersk rockegruppe som debuterte i konsertsamanheng denne kvelden. Den var samansett av dei tre uskedelingane Knut Gilberto Sæbø (15 år, på trommer), Birger Bauge (14, el.bass) og Vegard Døssland (14, el.gitar/vokal) og rosendingen Sondre Høyland Enes (14, el.gitar).

Dei imponerte både i den gode Eagles-slagaren "Hotel California" og i velkjende "Money for nothing" av Dire Straits. Framføringane var prega av talent og musikalitet. Samstundes fortel det at dei får svært god rettleiing av musikkskulelæraren sin, John Martin Skauge.



Trommis Knut Gilberto Sæbø imponerte.  
(Foto: Thor Inge Døssland)

Medlemmene kunne etter konserten opplysa at gruppa førebels ikkje har noko namn. No er nok tida inne for å finna gruppenamnet, for det bør ikkje verta lenge til neste gong dei opptrer for publikum.

Den koselege musikkstunda vart avslutta med tre ekstranummer frå musikkskuleelevane før dei klappa fram læraren sin til å framføra eit avslutningsnummer på sparket.

Med brilliant gitarspel gav John Martin Skauge konserten ein flott finale!

Av Thor Inge Døssland